

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Sakshandsamar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2020-04

Sted og dato: Lomen, 03.06.2020

Til

Møte 04/2020

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Jon Teodor Lyster - leiar
Marianne Granheim Trøyflat - nestleiar
Nils Ingar Rogne - medlem
Vivi-Ann Skrindsrud - medlem
Per Håvar Moe Nevland – medlem

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET, VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Vi kallar inn kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune til møte:

Onsdag 10.juni 2020 kl. 14.00 til 16.00 på Kommunehuset, Vestre Slidre kommune.

Forslag til dagsorden:

Sak 19/2020 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 20/2020 Formell godkjenning av møtebok frå 11.05.2020

Neste møte: Dato blir bestemt i møtet.

Saksliste

Sak 21/2020 Revisjonsløyising, orientering

Sak 22/2020 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, prosess

Sak 23/2020 ACOS, introduksjon og opplæring

Forfall meldast så raskt som mogleg til sekretariatet.

Lomen, 03.06.2020

For leiar i kontrollutvalet

Anne-Marte Før (*sign.*)

Kontrollutvalssekretariatet for Valdres

Kopi sendt: Ordførar og Kommunerevisjon IKS (møte- og talerett), kommunedirektør og postmottak (til orientering).

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Sakshandsamar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2020-04

Sted og dato: Lomen, 03.06.2020

SAKLISTE

Sak 21/2020 Revisjonsløyising, orientering

Dokument i saka:

Møtebok 20.05.2020 Kommunestyret VSK, val av revisjonsordning

Møtebok 20.05.2020 Kommunestyret VSK, val av revisor

Saksopplysningar:

- Den 11.05.2020 handsama kontrollutvalet Sak 17/2020 og Sak 18/2020 vedrørende revisjonsløyising for Vestre Slidre kommune (val av revisjonsordning og val av revisor).
- Kontrollutvalet sendte sakene over til kommunestyret for handsaming, kommunestyret hadde sakene oppe 20.05.2020. Kommunestyret vedtok samrøystes likelydande kontrollutvalet sine innstillingar i sakene.
- Leiar i kontrollutvalet orienterer om handsaming i kommunestyret. Leiar og sekretariat orienterar om vidare prosess for kontrollutvalet knytt til revisjonsordning for Vestre Slidre kommune.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orientering om status for revisjonsløyising for Vestre Slidre kommune til orientering.

Sak 22/2020 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, prosess

Dokument i saka:

VestreSlidreRisikoVesentlighetsvurdering_endeligversjon.pdf

Saksopplysningar:

- Kontrollutvalet skal utføre kontroll og tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. I kvart kommunestyreperiode er kontrollutvalet pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein for eigarskapskontroll i løpet av det fyrste året etter valet. Planane skal bygge på ein risiko – og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) av verksemda i kommunen.
- Denne analysen skal få fram relevant informasjon om verksemdsområdet og eigarinteressene til kommunen. Dette skal vidare gje ein pekepinn på kva områder i kommunen som bør kontrollerast. Risiko – og vesentlegheitsvurdering skal vurdere kva områder det er knytt størst risiko til og kva områder det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøke.
- I sak 09/2020 den 01.04.2020 handsama kontrollutvalet den endelege versjonen av risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vestre Slidre kommune levert av Kommunerevisjon IKS.
- Av retningsliner for kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune går det fram at kontrollutvalet bestiller risiko og vesentlegheitsvurdering av revisor, medan sekretariatet utarbeider plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.
- Kontrollutvalet drøftar vidare prosess for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll med bakgrunn i risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vestre Slidre kommune.
- Kontrollutvalet drøftar aktuell tematikk og moglege problemstillingar til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll med bakgrunn i risiko- og vesentlegheitsvurdering for Vestre Slidre kommune.

Kontrollutvalet i Vestre Slidre kommune

Sakshandsamar: Anne-Marte Før

Vår ref.: 2020-04

Sted og dato: Lomen, 03.06.2020

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet utarbeide eit fyrste utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll basert på drøftingane i sak 22/2020 til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber leiar/sekretariatet invitere kommunedirektøren til å delta i saka der kontrollutvalet skal drøfte utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Sak 23/2020 ACOS, introduksjon og opplæring

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

- Sekretariatet kartla i 2019 nytt system for sakshandsaming for Kontrollutvalet. Sekretariatet fekk bistand frå IKT Valdres i kartlegging av systemtype og tilpassing til behov.
- I sak 14/2019 vedtok kontrollutvalet å nytte systemet ACOS levert via IKT Valdres, saka vart sendt vidare til kommunestyret.
- Gjennom løysinga vil sekretariatet kunne sende saksdokument til kontrollutvalet via ein sikker plattform og sekretariatet vil kunne gjera dokument tilgjengeleg for offentlig innsyn via den enkelte kommune sine nettsider, i tillegg vil systemet gje eit tilfredstillande arkivsystem.
- Sekretariatet gjev kontrollutvalet ein introduksjon av det nye systemet for sakshandsaming, samt opplæring i bruk av politikarportalen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek introduksjon og opplæring av politikarportalen i ACOS (system for sakshandsaming) til vitende.

Lomen, 03.06.2020

Anne-Marte Før (*sign.*)

Sekretariatet for kontrollutvala i Valdres